

Fjordabåtseminaret 2024

Årets tema: Prosjektstyring ved restaurering av verna fartøy

Norheimsund 20. – 21. mars 2024, lunsj til lunsj

Hardanger fartøyvernssenter inviterer til lunsj til lunsj seminar med tema prosjektstyring- og organisering ved istandsetting og restaurering på verna skip.

God prosjektstyring er nøkkelen til suksess for alle involverte parter. Ikkje minst gjeld dette innan fartøyvernet som er avhengig av godt omdøme for å motivere til frivillig arbeid og finansiering. Fartøyeigar må ha kontroll og støtte krav frå verneestyresmakter og Sjøfartsdirektoratet.

Ei utfordring i fartøyvernet er organiseringa med samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar, usikker økonomi og komplekse prosjekt. Samstundes er det stor kunnskap og mykje erfaring blant frivillige gjennom eigen utdanning og yrkeserfaring som kan komme eige- og andre fartøy til gode.

Seminaret har mål av seg til å løfte fram gode eksempel på prosjektgjennomføring og dele nyttig kunnskap.



Seminardeltakarar om bord på DS Stord på HFS.



Synfaring av MF Folgefonn på Bredalsholmen



Program

Onsdag 20. mars

Kl. 12:00 - 12:45	Registrering og lunsj	
Kl. 12:45 - 12:55	Velkomen til Hardanger fartøyvernssenter	
Kl. 12:55 - 13:10	Introduksjon til seminaret med film restaurering frå A - Å	Geir Madsen, seminarleiar og seniorkonsulent Hardanger fartøyvernssenter
Kl. 13:10 - 13:50	Gangen i eit fartøyvernprosjekt. Grunnlagsdokumentasjon	Håvard Gjerde, fartøyvernkonsulent Hardanger fartøyvernssenter
Kl. 14:00 - 14:40	Bestillerkompetanse, forventningsavklaring	Thor Inge Haltvik, prosjektleiar Hardanger fartøyvernssenter
Kl. 14:50 - 15:30	Rammer og kontrakt	Geir Engelsgjerd, MS Jøsenfjord
Kl. 15:30 - 15:45	Kaffi	
Kl. 15:45 - 16:25	Informasjonsflyt og kommunikasjon og samarbeid	Lars Randa, MS Jøsenfjord
Kl. 16:30 - 17:00	Besøk på MS Jøsenfjord	Lars Randa og Geir Engelsgjerd, MS Jøsenfjord
Kl. 17:00	Omvising på anlegget for dei som vil	
Kl. 17:30	Kaféen opner. Alle rettigheitar.	
Kl. 17:45	Biletspel: "Da sjøen var vegen"	
Kl. 18:15	Biletspel: "Nordlandsfarten"	
Kl. 19:00	Felles middag på HFS	

Torsdag 21. mars

Kl. 08:30 - 08:40	Oppsummering frå dagen før	Geir Madsen
Kl. 08:40 - 09:20	Prosjektorganisering	Asgeir Andersen
Kl. 09:25 - 10:10	Frivilligheit og engasjement	Sidsel Haugen, konsulent Hardanger fartøyvernssenter og tidligere dagleg leiar i Kvam frivilligsentral
Kl. 10:25 - 11:00	To do and not to do	Lars Ragnvald Djupevåg, Djupevåg båtbyggeri
Kl. 11:15 - 11:45	Fylkeskommunen si oppfølging og forventning til restaureringsprosjekt	Ann Kristin Kjerland, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Kl. 11:45 - 12:00	Evaluering og ordet fritt	
Kl. 12:00 - 12:30	Lunsj	

Med atterhald om endringar.

Påmelding og praktisk informasjon

Deltakaravgift inkluderer middag onsdag, og lunsj og kaffi begge dager. All aktivitet er på Hardanger fartøyvernssenter. Adresse: Sandvenvegen 50, 5600 Norheimsund

Deltakarane ordnar sjølv med overnatting.

Hotell i Norheimsund: [Thon hotell Sandven](#)


Hotell i Øystese: [Hardangerfjord hotell](#)

Spørsmål?

Ikkje nøl med å ta kontakt med Geir Madsen telefon 48 99 42 41 eller Sidsel Haugen 41 10 36 43.

Påmelding

Via Ticketco:
<https://fartoyvern.ticketco.events/no/nb/e/fjordabaatseminar>



Transport

Buss til /frå Bergen-Norheimsund linje 925.

Onsdag 20. mars avg. Bergen busstasjon kl. 09:55 med ank. Norheimsund kl. 11:20.

Torsdag 21. mars avg. Norheimsund kl. 13:00 med ank. Bergen kl. 14:25.

Sjå skyss.no for fleire rutealternativ.

Gangavstand frå Norheimsund terminal til Hardanger fartøyvernssenter.

